



Hans Ivar Skjelvik
Hoplandsvegen 95
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8501 - 23/18920

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.
no

Dato:
10.03.2023

Ber om tilbakemelding på mogleg ulovleg tilfelle på eigedomen din og varsel om synfaring - gbnr 315/11

Tiltak: Moglig ulovlig tilfelle
Byggjestad: Gbnr 315/11 Hopland
Tiltakshavar: Hans Ivar Skjelvik

Saka gjeld

Kommunen har motteke melding om at det på din eigedom skal vere ført opp tilbygg til fritidsbustad og at denne er tatt i bruk som heilårsbustad.

Ei samanlikning av flyfoto frå 2011 og 2020 viser at det er utført arbeid på fritidsbustaden og terrenget rundt i denne perioden.



Flyfoto frå 2020



Flyfoto frå 2011

Arbeidet kan vere søknadspliktig

Vi gjer merksam på at tilbygg til fritidsbustad, anlegg av privat veg/avkøyrsløp og terrenginngrep kan vere søknadspliktige etter plan- og bygningslova. Du må derfor sende oss ei utgreiing om kva arbeid som er utført og når dette vart utført, slik at vi kan få klarlagt dei faktiske forholda.

Kommunen har ikkje teke stilling til om tilhøvet er eit brot på plan- og bygningslova. Vi ber i fyrste omgang om ei utgreiing av tilfella.

Kva må utgreiinga innehalde?

Du må greia ut om det arbeidet som er utført. Vi ber også om at du legg ved bilete som støttar utgreiinga.

Du kan sende oss utgreiinga til e-postadresse post@alver.kommune.no eller per post:

Alver Kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

Frist for utgreiing er 31.03.2023.

Varsel om synfaring

Kommunen varslar også at vi vil synfare eigedomen din.

Synfaringa vil bli gjennomført torsdag den 06.04.2023, klokka 14:00.

Kvifor vil kommunen synfare eigedomen?

Synfaringa gjennomførast på bakgrunn meldinga beskrive ovanfor.

Kva skjer under ein synfaring?

På synfaringa vil vi stadfeste dei faktiske forhold på eigedomen. Vi gjer oppmerksom på at det ikkje vil bli konkludert noko om saka under synfaringa.

Vi må ha tilgang til bygget under synfaringa og du må derfor vere til stades. Dersom tidspunktet ikkje passar ber vi dykk snarast ta kontakt med saksbehandlar slik at vi kan finne eit anna tidspunkt.

Har du spørsmål om synfaringa?

Dersom noko er uklart, eller du har ytterlegare spørsmål, kan du ta kontakt direkte med saksbehandlar på e-post eller telefon 462 99 440.

Anvendt regelverk

- Du har plikt til å greia ut om det utførte tiltaket i følge Plan- og bygningslova § 31-7.
- Kommunen har plikt til å forfølge ulovlege forhold, jf. plan- og bygningslova § 32-1. Kommunens rett til å synfare bygg og eigedommar er heimla i plan- og bygningslova § 31-7.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/8501

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Melding om mulig ulovlig tilfelle - gbnr 315/11 Hopland

Mottakrar:

Hans Ivar Skjelvik

Hoplandsvegen 95

5919

FREKHAUG